

5 tesar om reformasjonen

11.09.2017



Spente tilhøyrarar.

Temaet for Jørn Øyre hagen Sunde sitt engasjerande kåseri var denne gongen reformasjonen. Han har lagt fram 5 tesar om verknader reformasjonen har hatt på samfunnsutviklinga - særleg i dei landa der den reformerte kyrkja vart innført - men og i dei fleste landa som heldt fast ved katolismen.

I godt halvanna veke har desse tesane stått oppslechte på kyrkjedøra i Uskedalen:

1. Tese

Reformasjonen skjedde gjennom ein ny bruk av det offentlege rom, og la slik til rette for framveksten av demokratiet

2. Tese

Reformasjonen førte til auka merksemld på kriminalitet, og la slik til rette for etableringa av institusjonar for samfunnsstyring

3. Tese

Reformasjonen førte til frigjering av kapital, og la slik til rette for utviklinga fram mot eit kapitalistisk samfunnssystem

4. Tese

Reformasjonen førte til auka merksemld på fattigdom, og la slik til rette utviklinga fram mot velferdsstaten

5. Tese

Reformasjonen førte til auka merksemld på utdanning, og la slik til rette for likestilling mellom menn og kvinner

Det er viktig å ha som bakterpe at på Luther si tid hevda pavekyrkja å vera den einaste institusjonen som kunne sørge for at du vart frelst. Hadde du ikkje kyrkja si velsigning, kunne du altså ikkje koma til Himmelten. Frelse var viktig, og synder måtte sonast. Ein grei måte å sona på, hadde for dei rike vorte ved å betala avlat for at kyrkja skulle gå i forbøn for den som hadde synda. Som i dag, var rikdom også på den tid makt. Paven, gjennom kyrkja hadde på mange måtar dobbel makt i høve til dei verdslege styresmaktene. Kyrkja hadde makt til å ordna med frelsa, og hadde også etter kvart vorte mykje rikare på gods og gull enn dei verdslege styresmaktene.



Som de ser, nyttar ikkje Jørn hendene til å halda i eit manuskript

Luther hadde, som truande augustinarmunk og med høg teologisk utdanning, reagert på at det for mange kyrkleiarar hadde vorte viktigare med inntekter enn på kva måte ein fekk desse inn på. Dei 95 tesane Luther sette fram i 1517, var ein protest mot urett bruk av avlatshandelen - det var ikkje teologien han protesterte mot, sjølv om han meinte det var personleg tru og anger som kunne gje frelse ved Guds nåde. Luther sende tesane til to biskopar og to lærde vener. Ein av venene fekk tesane trykt og distribuert, og slik vart dei kjende for ålmenta. Dette gjekk snøgt, og dei fekk medhald i vide krinsar. Dei teologiske sidene kom med i diskusjonen etter kvart som motsetjingane bygde seg opp.

Jørns første tese

Wittenberg var ein universitetsby, der Luther hadde eit teologisk professorat frå 1512. Luther la opp til at tesane skulle forsvara slik skikken var ved universiteta: Offentleg, så kvar og ein skulle kunna ta stode til påstandane. Etter kvart kom Luther under vengene på dei lokale verdsleg styrande, mellom anna kurfyrste Fredrik den Vise av Sachsen. Fyrstane såg sjølvsagt meir og meir at utviklinga gjekk mot noko som kunne gje dei større makt og rikdom (mindre til kyrkja). Sjølv etter at Luther vart lyst fredlaus - endå etter at han vart lyst i bann for kjetteri - heldt Fredrik den Vise handa over han. Han fekk difor fritt leide til fora der disputasar kunne finna stad. Det fann etter kvart stad ein reformasjon av kyrkja i mange statar, og Luther kunne heile tida stå fram og setja preg på denne prosessen. Luther var oppsett på at ting skulle gå føre seg offentleg. Trykkekunsten, og rask spreieing av informasjon (den 4. statsmakt), gjorde at styresmaktene etter kvart laut ta meir og meir omsyn til kva folk flest meinte, og retninga mot demokrati slik me kjenner det, peika seg på mange måtar ut sjølv.

Jørns andre tese

Synd og kriminalitet var på denne tida det same. Når kyrkja mista si makt til å formidla frelse, vart det viktig for samfunnet at ikkje Vårherre skulle få tid til å verta harm nok over utførte synder slik at han valde å dela ut straffedom på gamaltestamentleg vis (Syndfloda, Babel, Sodoma og Gomorra - straffedom til heile samfunn). Måten dette kunne gjerast på, var ved å ha institusjonar som kunne døma og straffa forbrytarar raskt nok til at Gud ikkje mista tolmodet. Den reformerte kyrkja såg det altså som viktig at synd skulle sonast snarast mogleg, og då trongst det institusjonar som kunne døma raskt og rettvist, og institusjonar som kunne gjennomføra ei pålagd straff. Skulle dom og straff verta rettvis, var det og viktig at ein hadde eit så godt lovverk som mogleg (styresmaktene si oppgåve).

Jørns tredje tese

Mykje av kapitalen som kyrkja hadde site på, hamna i dei reformerte landa hjå dei verdslege styresmaktene og adelen, mens ein del lag i folket, som næringslivs- og handverkarstand, hadde nytte av mellom anna bankar og handelsrettar, og overtok styringa og utviklinga av desse. (Godt var det at det ikkje gjekk som i dei falne austblokklanda, der organiserte kriminelle på 1990-talet tok hand om mykje av det som før var stats-/felleseigd). Mange kloster vart nedlagde, og mykje av den praktiske lærdomen munkane hadde praktisert, vart vidareført som næringar blant folk flest (dei munkane som ikkje var munkar lenger, vart jo og til folk flest). Adelen mista etter kvart mykje av privilegia sine, og kapitalismen som system vart meir generalisert. Samfunnet syntet seg å fungera betre med pengar i arbeid og sirkulasjon i staden for på kistebotnen.

Jørns fjerde tese

Eit ordtak seier at lediggang er rota til alt vondt. Å kunna noko, og praktisera det til nytte for andre, gjev som regel inntekt. Utan slik inntekt lyt levemåten ordnast på anna vis, anten ved tigging eller ved kriminalitet. Institusjonar som tek seg av dei fattige og unyttige er difor kriminalitetsførebyggjande. Heimar for foreldrelause (i Noreg: Waisenhus) vart oppretta for å kunna gjera dei unge i stand til å kunna leva eit produktivt (og mindre syndig/forbrytersk) liv. Etter gjennomført soning var det viktig at flest mogleg kom i gang med eit rettskaffe og produktivt liv. Dei innsette ukunnige laut difor gjerast kunnige. Ein fekk institusjonar som til dømes Tukt- og Manufakturhus, der dei innsette skulle lærest opp til ulike typar arbeid. Hit kunne og fattige og be om å få koma - ikkje for tukt, men for å få, og få lært seg arbeid. Dei som ikkje var i stand til å verta kunnige (dårar) laut institusjonalisera vidare, til dømes i dårekister (omdøypt mange gonger - er det psykiatrisk sjukehus det heiter i dag, eller har det og vorte eit for belasta ord?). Di betre institusjonar ein hadde her, di mindre vart trykka på institusjonane som tese to handlar om. Dette har, etter som utviklinga har gått, leia til betre velferd i dei fleste samfunn.

Jørns femte tese

Gode høve for utdanning for alle er og noko som vil letta på trykket mot institusjonane som er omhandla i tese to og fire. God utdanning - i det minste lese- og skrivekunne - sette i tillegg folk betre i stand til å forstå og kunna delta når samfunnsspørsmål skulle takast stode til og avgjera. Like viktig var det at ein lærte noko om moral og at ein fekk undervisning i trus- og moralspørsmål. Her var katekisma eit viktig grunnlag. Det vart på 1700-talet ein føresetnad for å kunna gifta seg at ein var konfirmert. Det var også plikt til å gå i kyrkja, og sjølv om nok ein heil del folk sov under preika, vart det servert ein god del lærdom her og. Skuleplikt vart og innført mange stader alt på 1700-talet. Då kvinner har om lag same hang til å synda som menn, vart det til at pliktene skulle gjelda både for kvinner og menn. Utviklinga med jamnare fordeling av kunnskap mellom kjønna har difor etter kvart ført til at samfunna etter kvart fekk vanskar med å halda patriarkiet ved lag, og likestillinga mellom kjønna har vorte betre etter kvart.

Etter kaffi og kaker, samt musikalsk innslag, innleia Peder Sjo Slettebø spørsmål-komentarrunden ved å nemna litt om katolisismen sine kår i dei reformerte landa, og han gjorde - som og Jørn hadde gjort - merksam på at også dei katolske landa stort sett har utvikla seg i same retninga, sidan dei har teke mange av dei same grepa. Spørsmål: "Korleis ville det gått dersom ikkje reformasjonen hadde funne stad?"

Jørn svara at tida nok var overmogen for endringar. Det var mange i samfunnet som reagerte på ein del av måtane kyrkja øva tukt på, og at det hadde kome i stand mange rare måtar å skaffa kyrkja rikdom på, mellom anna slik avlatshandelen vart praktisert. Dette at preiker og ritual vart utført på latin, ført og til at heile det kyrkjelege vesenet vart sett på som noko framandt av svært mange. Det er ikkje umogleg at utan reformasjonen ville det vorte reformer like fullt. Det vert berre spekulasjonar å gå for detaljert inn på dette, men det er ikkje usannsynleg at utviklinga ville gått mykje i same leia.

Eit par kommentarar av meir teologisk karakter valde Jørn å la verta ståande slik dei var sett fram. Han streka under at han var jurist og historikar - ikkje teolog. Heller ikkje denne gongen ville Jørn ha honorar for kåseriet sitt. Han bad om at publikum heller gav ein skjerv til soknerådskassa, øyremerk årets konfirmantførebuing.

Heile arrangementet tok bortimot to og ein halv time, men eg trur opplevinga for dei fleste var så god at det godt kunne ha vara endå lenger.

Tekst og foto: Svein Rimestad
Nett: Thor Inge Døssland